



Arkivnr: 2015/9913-63
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		22.09.2016
Fylkesutvalet		22.09.2016

Val av skjønnsmedlemsutval for 2017 - 2020

Samandrag

Etter skjønnsprosesslova § 14 skal fylkestinget velja skjønnsmedlemsutval. Fylkestinget har gitt fylkesutvalet fullmakt til å gjera valet. Valnemnda skal innstilla i møte 21.-22.09.16.

Valet skal skje på grunnlag av forslag frå kommunane og tingrettane. Det er gjennomført vandelskontroll av dei kandidatane som er foreslått. Forslaga på skjønnsmedlem vert lagt fram som eit eige notat til valnemnda.

Forslag til innstilling

I medhald av lov om skjønn og ekspropriasjonssaker av 01.06.1917 nr. 1 (skjønnsprosesslova) § 14 vert følgjande valde som skjønnsmedlem for perioden 2013 - 2016:

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 25.08.2016

I lov av 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker (skjønnsprosessloven) § 14 heiter det:

«§ 14. I hvert fylke skal det være et utvalg av skjønnsmedlemmer som oppnevnes av fylkestinget etter forslag fra tingrettene og fra kommunestyrene. Oppnevningen foretas innen 15. oktober året etter hvert kommunestyrevalg, og gjelder for fire år fra 1. januar det påfølgende år. Utvalget skal ha så mange medlemmer fra hvert domssogn som departementet fastsetter. Ved fastsettingen av antallet tas hensyn til hvor mange skjønnsaker det vanligvis er i domssognet.

Ved oppnevningen skal det tas sikte på at utvalget får en allsidig sammensetning, og at de som oppnevnes har kyndighet på et eller flere områder som vanligvis berøres ved skjønn. Reglene i domstoloven § 70, unntatt annet ledd nr. 1 om en øvre aldersgrense, og §§ 71 til 74 og § 79 gjelder tilsvarende. Det samme gjelder retten til fritak på grunn av utført tjeneste etter domstoloven § 90 første ledd annet punktum.

Fylkesrådmannen skal innen 1. november året etter hvert kommunestyrevalg sende oppgave over alle skjønnsmedlemmer i det fylkesvise utvalg til tingrettene og jordskifterettene i fylket og til vedkommende lagmannsrett. Oppgaven skal inneholde fullt navn, adresse, fødselsnummer, eventuell telefon til arbeidsted og privat, stilling og yrke, samt angivelse av hva vedkommende er særlig kyndig i.»

Sletting og oppnemning av ny skjønnsmedlem er regulert i § 15:

«§ 15. Sletting av skjønnsmedlemmer fra utvalget, jf § 14, foretas av fylkesrådmannen når et skjønnsmedlem flytter fra fylket eller for øvrig vilkårene for sletting foreligger etter reglene i domstoloven § 76 første eller annet ledd. Før avgjørelse treffes, skal vedkommende skjønnsmedlem så vidt mulig få høve til å uttale seg, og han skal om mulig gis meddelelse om resultatet. Reglene i domstoloven § 76 tredje ledd om klage gjelder tilsvarende. Klagen går til lagmannsretten. I stedet for et skjønnsmedlem som er slettet, oppnevner fylkesrådmannen en annen.

Beslutning om endringer i skjønnsmedlemutvalget meddeles tingrettene og jordskifterettene i fylket og vedkommende lagmannsrett.»

Valperioden for skjønnsmedlem er 1. januar 2017 – 31. desember 2020.

Som nemnt over i skjønnsprosessloven er det fylkestinget som nemnar opp skjønnsmedlem. I delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune C. Delegasjon etter særlov, punkt 2 Lov om skjønn og ekspropriasjonssaker av 01.06.1917 nr 1, vert det referert til § 14 i loven og sagt at: «Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå valnemnda, å nemna opp skjønnsmannsutval.» Valnemnda gir derfor i denne saka innstilling til fylkesutvalet.

Departementet har fastsett fordeling av skjønnsmedlem mellom domssokna i Hordaland slik:

Domssokn	Tal medlemmer
Bergen	48
Hardanger	44
Sunnhordland	54
Nordhordland	140

Etne er overført frå Sunnhordland tingrett til Haugaland tingrett, men det er framleis Hordaland fylkeskommune som skal velja skjønnsmedlem frå Etne.

I brev 17. februar 2016 til kommunane og tingrettane i Hordaland bad fylkeskommunen adressatane koma med forslag på skjønnsmedlem. Dei vart bedne om å levera forslag/merknader innan 14. juni 2016. Svært få kommunar leverte innan fristen, enkelte til dels svært seint. Dette skapar problem for innsamling av naudsyn informasjon om dei føreslåtte skjønnsmedlemene.

Nordhordaland tingrett har også sendt inn forslag. Dei har kome med andre forslag enn kommunane og har innspel til aldersgrensa for skjønnsmedlem. Tingretten skriv dette om aldersgrensa:

«Det går fram av domstolslova § 70, 2. ledd at ein meddommar må vera over 21 år og under 70 år ved valperiodens start. Avgjerda om øvre aldersgrense gjeld ikkje for skjønnsmedlemmar, jfr. skjønnsprosesslova § 14, 2. ledd, 2. pkr. Tingretten vil likevel foreslå at det blir satt ei aldersgrense på 73 år ved valperiodens start på grunnlag av krav om fagleg oppdatering og at det i dei fleste skjønns blir kravd synfaring. Det er ikkje gjort nokre nærare konkret vurdering av dei som står på lista som er over denne aldersgrensa. Andre krav som skal stillast til skjønnsmedlemmar i domstolslova § 70 følgjande er ikkje prøvd av tingretten.»

Nordhordaland tingrett har føreslått at ein ikkje vel på nytt dei skjønnsmedlemene som er født i 1943 eller tidlegare. Ingen av desse skjønnsmedlemene har vore føreslått frå kommunane.

Det er ikkje kome eigne forslag frå dei andre tingrettane.

I brev 21.12.15 frå Justis- og beredskapsdepartementet til kommunane, fylkeskommunane og fylkesmennene er det under kommunen si oppgåve m.a. sagt at det samla forslaget til skjønnsmedlem frå kommunane bør innehalda ca. 20 % fleire namn enn det talet som skal veljast. Vidare er det peikt på at opplysningane om forslag til skjønnsmedlem skal innehalda namn, adresse, fødselsnummer, yrke og stilling, eventuelt telefonnummer til arbeidsstad og privat, og i tillegg opplysningar om kva vedkomande er særleg kyndig i dersom dette ikkje går fram av yrke og stilling. Det vert streka under at ein må sjå til at utvalet får med tilstrekkeleg mange personar med innsikt i bygningsvesen og jord- og skogbruk. Fleire domstolar har gitt uttrykk for at det er viktigare med skjønnsmedlemmar med kompetanse knytt til ulike sider av bruk og drift av fast eigedom. Eit anna felt som vert spelt inn, og som ein ser som viktig, er kompetanse innanfor rekneskap. Dette er peikt på i brevet frå fylkeskommunen som gikk ut til kommunane.

Mange kommunar foreslår berre så mange kandidatar som det skal veljast. Granvin kommune har ikkje sendt inn forslag til skjønnsmedlem. Bergen kommune skulle kome med forslag på minimum 48 skjønnsmedlem, men har berre kome med forslag på 45 skjønnsmedlem. Nordhordaland tingrett har kome med fleire forslag på skjønnsmedlem som bur i Bergen kommune. Desse er såleis ikkje valbare til Nordhordaland domssokn, men er valbare til Bergen domssokn. Alle som var føreslått frå Nordhordaland tingrett er på lik line med forslaga frå kommunane teke vandelskontroll for.

Vilkåra for å kunna vera skjønnsmedlem kjem fram i skjønnsprosesslova § 14 og i domstolslova §§ 70 med unntak for andre ledd nr. 1 om øvre aldersgrense og 71 – 74, som gjeld tilsvarande for fylkeskommunen ved val av skjønnsmedlemsutval. Disse lyder:

§ 70. Den som velges, må ha tilstrekkelige norskkunnskaper, og for øvrig være personlig egnet til oppgaven.

I tillegg må vedkommende

1. være over 21 år og under 70 år, ved valgperiodens start,
2. ikke være fradømt stemmeretten i offentlige anliggender,
3. ikke være under offentlig gjeldsforhandling eller konkursbehandling eller i konkurskarantene,
4. stå innført i folkeregisteret som bosatt i kommunen på valgdagen, og
5. være statsborger i Norge eller et annet nordisk land, eller ha stått innført i folkeregisteret som bosatt i riket de tre siste år før valgdagen.

§ 71. Utelukket fra valg på grunn av stilling er:

1. Stortingets representanter og vararepresentanter,
2. statsrådets medlemmer, statssekretærer, statsrådenes personlige politiske rådgivere og ansatte ved Statsministerens kontor,
3. fylkesmenn og assisterende fylkesmenn,
4. utnevnte og konstituerte dommere og ansatte ved domstolene,
5. ansatte ved påtalemyndigheten, i politiet og kriminalomsorgen og personer som er tildelt begrenset politimyndighet,
6. ansatte i Justisdepartementet, Politidirektoratet og Domstoladministrasjonen og dens styre,
7. ansatte og studenter ved Politihøgskolen og Fængselsskolen,
8. praktiserende advokater og advokatfullmektiger,
9. kommunens administrasjonssjef (medlemmene av kommunerådet i kommuner med et parlamentarisk styringssystem) og andre kommunale tjenestemenn som tar direkte del i forberedelsen eller gjennomføringen av valget.

§ 72. Utelukket fra valg på grunn av vandel er:

1. den som er idømt ubetinget fengselsstraff i mer enn ett år,
2. den som er idømt forvaring eller særreaksjoner etter straffeloven § 40 eller §§ 62 til 65,
3. den som er idømt ubetinget fengselsstraff i ett år eller mindre, og det ved valgperiodens start er mindre enn 15 år siden dommen var rettskraftig,
4. den som er idømt betinget fengselsstraff, og det ved valgperiodens start er mindre enn 10 år siden dommen var rettskraftig
5. den som er idømt eller har vedtatt bøtestraff for et forhold som etter loven kan medføre fengsel i mer enn ett år, og det ved valgperiodens start er mindre enn 10 år siden dommen var rettskraftig eller vedtakelsen,
6. den som har fått betinget påtaleunndlatelse eller domsutsettelse for et forhold som etter loven kan medføre fengsel i mer enn ett år, og det ved valgperiodens start er mindre enn 10 år siden avgjørelsen var rettskraftig.

Dom på samfunnsstraff medfører utelukkelse etter første ledd nr. 1 eller 3, avhengig av lengden av den subsidiære fengselsstraffen. Ved delvis betinget fengselsstraff vurderes hver del for seg etter første ledd.

§ 73. Kommunen skal kontrollere at ingen velges i strid med §§ 70-72.

For kontroll etter § 72 kan det foretas vandelsvurdering etter reglene i politiregisterloven § 45.

§ 74. En person kan kreve seg fritatt fra valg dersom helsetilstand eller andre særlige grunner tilsier det, eller vedkommende har vært medlem av et utvalg av lagrettemedlemmer eller meddommere i to perioder tidligere.

Avgjørelse om fritak treffes av kommunen.

Det er gjennomført vandelskontroll av kandidatane til skjønnsmedlemsutvala, jfr. § 73.

Oversikt over innkomne forslag på skjønnsmedlem vert lagt fram eit eige notat til valnemnda.